



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Offentleg ettersyn - Lindås - E39 Vikane - Eikangervåg - detaljregulering

Vi viser til brev frå kommunen datert 17.10.19. Saka gjeld offentleg ettersyn av reguleringsplan for E39 Vikane-Eikangervåg, gnr. 214, bnr. 201 mfl.

Fylkesmannen har merknadar til nokre tema i planen.

Vassdrag

Det ligg eit tjern over vegen, med ei bekk som går i kulvert under vegen i dag. Det vert i planen lagt opp til at ein skal utbetre kulverten for å leggje til rette for fisken frie vandring jf. føresegn 3.6. Dette er bra.

I naturmangfaldrapporten er området på oppsida og nedsida av vegen ved Tjørna registrert som viktig natur. I vurdering av konsekvens står det at:

«Løsningen for området ved Tjørna ser tilfredsstillende ut (Fig. 6), og med hensyn i byggefasen (se avbøtende tiltak) vurderes de negative konsekvenser for dette området til små, dvs. til nivået liten til ubetydelig negativ konsekvens.»

Figur 6 viser ein fyllingsfot som stoppar før vatnet og viser ikkje at det vert opna for utfylling i vassdraget. Vi stiller spørsmål ved om rapporten har vurdert det plankart og føresegn faktisk opnar for. Formålet anna vegggrunn går heilt ned til vatnet og det vert opna for utfylling i vatnet. Vi kan heller ikkje sjå at dei avbøtande tiltaka som vert føreslått i rapporten er innarbeida i føresegnene.

Vi vil også minne om at kantvegetasjon ikkje kan fjernast utan løyve frå Fylkesmannen.

Forureina grunn og utfylling i sjø

I planskildringa står det at nemnt at det kan vere forureina grunn kring bensinstasjonens- og verkstadorrådet, men det står ingenting om at det også er forureina grunn i sjøen der reguleringsplanen opnar for utfylling i sjø (området V1). Denne informasjonen står i eit eige dokument med emne Miljøundersøkingar lausmassar og sediment. Her vert det konkludert med at



«Lausmassar

Det er ikkje påvist konsentrasjonar over forureiningsforskrifta sine normverdiar i dei analyserte prøvane frå PR1 og PR2. Dei undersøkte lausmassane er dermed vurdert som reine.

Sediment

Den utførte undersøkinga har påvist forureining i sedimenta i utfyllingsområdet. Høgst grad av forureining er påvist i indre og midtre del av bukta (PR1 og PR2) og lågast i søraust (PR3). Påvist forureining består i hovudsak av PAH. I tillegg er det i to av prøvane påvist innhald av sink like over trinn 1-grenseverdien. Det må søkjast om løyve til utfylling i sjø til Fylkesmannen Vestland før utfylling.»

Fylkesmannen si vurdering er at kunnskapen frå denne rapporten må løftast inn i planskildringa og føresegnene til planen. Vi kan ikkje sjå at dette er gjort.

Støy

Statens vegvesen meiner at det må «vurderast støyreduserande tiltak for bustader i gul og raud støysone dersom aukinga vil vere meir enn 3 dB.» Berekningane av støynivå før og etter etablering av gang og sykkelveg syner at endringa i støynivå ikkje er stor nok til at det vert utløysa krav om tiltaksvurdering etter Statens vegvesens praktisering av T-1442 for miljø- og tryggleikstiltak. Støyrapporten som er lagt ved planen konkluderer med at ein på ein enkel måte kan støyskjema utsette bustader. Fylkesmannen viser til at støy er eit folkehelseproblem, og anbefaler at ein sikrar at tiltaka for støyskjerming som vert forslått i støyrapporten vert gjennomført.

Konklusjon

Fylkesmannen ber kommunen ta omsyn til våre merknader over.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune Postboks 5020 BERGEN
7900

Statens vegvesen Region vest Postboks 43 6861 LEIKANGER

Mottakerliste: